

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST RHF

STAD: BERGEN, MØLLENDALSBAKKEN 9
MØTETIDSPUNKT: 11.02.2015 KL 13:30 – 16:30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsengreen	Leiar
Olav Godtfred Clausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Nina Carstens	Medlem

FORFALL FRA STYRET

Ingen forfall

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Jannicke Daae Tønjum	Administrerende direktør
Ola Rye	Økonomisjef
Berit Beate Berntsen	HR- og organisasjonssjef/ referent

SAKLISTE
UNDERLAG

Sak	001/15	B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	002/15	B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 03.12.2015	Vedlagt
Sak	003/15	O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	004/15	O	Rapportering frå verksemda per desember 2014	Vedlagt
Sak	005/15	O	Forslag til Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF 2014	Vedlagt
Sak	006/15	O	Forslag til Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF	Vedlagt
Sak	007/15	B	Risikovurdering 3. tertial 2014	Vedlagt
Sak	008/15	O	Prosess for prognose i Sjukehusapoteka Vest	Vedlagt
Sak	009/15	B	Etablering av Helse Vest innkjøp HF	Vedlagt
Sak	010/15	O/B	Eventuelt Skriv og meldingar	

Lukka del

Sak	011/15	B	Rapportering i høve til 80/20- regelen (Saksdokument u. off. jf. Offentleglova § 23 første ledd)	Vedlagt
-----	--------	---	---	---------

Sak 001/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden
Oppsummering

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom, og mogelegheit for å helde nokre av årets styremøter som video-møter vart diskutert.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente innkalling og dagsorden.
2. Som del av Miljøsatsing i Helse Vest vedtok styret at det tas sikte på at om mogleg skal 2-3 styremøter haldas på video. Møteplan og innkalling vert oppdatert i høve til dette av administrasjonen. Sakane 05/15 og 06/16 vert handsama som orientringssakar, ikkje beslutningssakar.

Sak 002/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte 03.12.2014**Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 03.12.2014.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner og underteknar protokollen frå styremøte 3. desember 2014.

Sak 003/15 Administrerende direktør si orientering**Oppsummering****1. Status Verksemdstyringssystem**

Sjukehusapoteka Vest er piloteining i Helse Vest i høve til prosess-styrings verktøyet QLM, og system (SAVvy) er klart for lansering 01.03.2015. Systemet skal ivareta både verksemdsstyring og kvalitetsstyring, og SAV tek no høgde for felles standardprosessar på tvers i føretaket. Systemet skal ivareta kontinuerleg forbetring, med ope høve for alle tilsette til å melde endringsforslag. Prosjekt har hatt bistand frå leverandør og RAK (Regionalt Arkitektur Kontor i Helse vest). Arbeid har omfatta modellering av prosessar og forankring kring rollar i systemet. 60 prosessar lanserast 01.03.2015, det gjeld og leiarprosessar. Ein ser føre seg kring 100 prosessar totalt i systemet. Styret får ved høve praktisk demonstrasjon etter ei tid med drift.

2. Kort status om status prosess revisjon av strategi

Ulike omstende vil påverke og vere førande for strategisk utvikling i Sjukehusapoteka Vest (Helse 2030, organisering av farmasøytiske tenester i Helse Vest, generell trend om nasjonalisering av tenester, IKT-situasjon i norsk apoteknæring, ny legemiddelmelding i mai 2015, Nasjonal Helse og Sjukehusplan 2015, mogleg direktesal av legemiddel til sjukehus frå grossist mm.). Strategiarbeid er planlagt starta om lag i mai 2015, og er planlagt ferdig i Styresamling i september 2015. Nokre av dei nemnde punkta kan tilseie at tidspunkt for slutføring av strategiprosess vert justert. Tilsette sine representantar vert involvert. Styret presiserer at administrasjonen fortsett godt arbeid med dagens vedtekne strategiske satsingsområder, inkludert teknologiplan, inntil ny strategiplan føreligg.

3. Leiarsituasjon per januar 2015

Sjukehusapotekar i Bergen har sagt opp si stilling, og ein vil lyse ut stillinga. Sjukehusapotekar i Haugesund held fram som vikar i Bergen, og på sjukehusapoteket i Haugesund har ein engasjert vikar i perioden. Sjukehusapotekar i Stavanger er på Nasjonalt Toppleiar Program (NTP) i januar – april 2015, og ein har leid inn vikar og for henne.

4. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Forskrift om endring i legemiddelforskrifta og forskrift om rekvirering av legemiddel frå apotek blei kort gjennomgått. Det blei og minna om at ny ledemiddelforskrift trådde i kraft 01.01.2015, og at det i løpet av mars kjem ut vegleiar til denne.
5. **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
Oversikt ble gått igjennom i møtet, og administrerande direktør orienterte kort om framdrift i prosessen med å svare ut tilsynet ved Sjukehusapoteket i Stavanger (SiS) og Sjukehusapoteket i Bergen (SiB).
6. **Oversikt over aktuelle høyringar**
Oversikt og kopi av høyringssvar blei kort gjennomgått.
7. **Styresaker til oppfølging**
Ingen saker

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest tek meldingane til orientering.

Sak 004/15 Rapportering frå verksemda per desember 2014

Oppsummering

Trend med fallande sjukefråvere held fram i 2014, sjølv om samla sjukefråvær fortsatt er høgt i Helse Vest samanheng. Det gjennomsnittlege fråværet gjennom 2014 ligg noko lågare enn for 2013. Tal tilsette og netto månadsverk er innanfor budsjett. Bruk av overtid og meirtid går ned siste 2 år. Melde HMT-avvik går noko opp gjennom 2014, og det er stor forbetring i handsaming av meldte avvik.

På fagområdet har ein sikra god planlegging av overgang til ny grossist, og har ikkje gitt negative følgjer for sjukehusa eller privatkundar. Sjukehusekspedisjonane held fram arbeidet med å få til auke effektivitet og betre kostnadsstyring med hovudfokus på å nytte teknologiinvesteringane betre. Publikumsekspedisjonane har starta marknadssamarbeid med apotekkjeda Boots Norge gjennom den nye grossistavtalen. Samarbeidet vil gje SAV auka kompetanse og legge grunnlag for betre inntening. Dette er naudsynt for å møte ESA-krava. Farmasøytiske tenester planlegg betre og meir strukturert kontakt med fagpersonar og klinikkleiing / seksjonsleiing i sjukehusa. Dette skal sikre god kommunikasjon av sjukehusa sine behov og apoteket sitt tilbod, og dermed bidra til betre leveransar.

Ein planlegg anskaffing av nytt produksjonssystem.

Beredskap og planrevisjon både lokalt, i Helse Vest og nasjonalt held fram.

SAV er no miljøsertifisert, og arbeider med drift av miljøsystemet fram mot ekstern revisjon i mars 2015.

Prosjekt for Verksemdsstyring i SAV er i rute for lansering av SAVvy 1. mars 2015.

SAV har ei samla omsetning i 2014 på 913,8 mill. Dette er 20,6 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 106,0 mill. som er 9,3 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 83,8 mill. som er 1,5 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 11,6 mill. og 4,6 mill. under budsjett. Resultatkravet til SAV for 2014 vart i desember 2014 som følgje av redusert pensjonskostnad justert opp frå 10,4 mill. til 24,4 mill. Samla resultat er 30,0 mill. Dette er 5,6 mill. over justert resultatkrav. Resultatet er førebels då rekneskap for 2014 ikkje er revidert.

Styret seier seg nøgd med produktivitetsutvikling og økonomisk resultat. Styret etterlyser rapportering på H- avvik tertialvis. Styret er uroa for sjukefråveret, og ber om særskild fokus på handtering i 2015.

Tilsettere representantane melder om opplevde avvik i høve til leveransar frå ny grossist. Administrasjonen er kjend med utfordringane og det jobbast kontinuerleg med løysingar. Lagersituasjon ved bytte av grossist ga ingen dramatiske utslag, og ein jobbar med praktisk handtering ved overgang til ny grossist. Administrasjonen melder om god dialog med ny leverandør som har stort fokus på kvalitet i leveransane. Styret er uroa for pasienttryggleik og omdømme og etterspør vidare oppfølging.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest tek rapporten til orientering.

Sak 005/15 Forslag til Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2014

Oppsummering

Styret endra saka til orienteringssak.
Saka var gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tek forslag til Årsrekneskap for 2014 for Sjukehusapoteka Vest HF til orientering, og ber om at Årsrekneskap for 2014 vert oppdatert med innspel frå styret og lagt frem for endeleg godkjenning i styremøte 25.03.2015.

Sak 006/15 Forslag til årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2014

Oppsummering

Styret endra saka til orienteringssak.
Saka vart gjennomgått og Styret ber administrasjonen vurdere å reformulere setning om eksponering for risiko knytt til endring i valutakursar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tek forslag til Årsmelding for 2014 for Sjukehusapoteka Vest HF til orientering, og ber om at Årsmelding for 2014 vert oppdatert med innspel frå styret og lagt fram for endeleg godkjenning i styremøte 25.03.2015. Styret seier seg nøgd med omfanget på meldinga.

Sak 007/15 Risikovurdering 3. tertial 2014**Oppsummering**

Risiko for viktige styringsmål er redusert gjennom systematisk arbeid også i tredje tertial. Risiko er redusert på 3 av 11 delmål, og ingen har auka risiko. Det er ikkje teke inn nye risiko-område i perioden.

SAV har ved utgangen av 2014 ei akseptabel eksponering for risiko, og har handsama dei elementa SAV sjølv har styring med.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tek risikorapport med gjennomførte tiltak og risikovurdering per 3. tertial 2014 til etterretning, og ber om at vedvarande risikoområder tas med inn i risikostyring for 2015.

Sak 008/15 Prosess for prognose i Sjukehusapoteka Vest**Oppsummering**

Prognose vert utarbeidd som årsprognose for å gje leiing og styre oppdatert styringsinformasjon gjennom året. Prognosen inneheld realiserte rekneskapstal og beste estimat for varesal, bruttoforteneste, tenestetal, bemanning og driftskostnader resten av året. Prognose vert utarbeid til kvart styremøte etter ein årleg rapporteringskalender (vedlagt), fyrste gong i 2015 til styremøtet 18.mars. Det er skissert ein arbeidsprosess som involverer budsjettansvarleg med omsyn til vurdering av realiserte resultat og framtidige estimat. Arbeidet vert gjennomført ved bruk av budsjett og prognoseverktøyet SIM. Resultat for SAV er sterkt påverka av varekostprosent (bruttoforteneste) som historisk har svinga mykje etter kva produktmiks som er realisert. Resultatet er og påverka av volum i tilsetnings- produksjon og tilgjengeleg kapasitet av rådgjevingsfarmasøytar. Vidare utvikling av sals system vil betre kvalitet i data som ligg til grunn for framtidige estimat. Dette vil redusere usikkerheten i budsjett og prognoser. Handsaming av avvik og innmelding av tiltak er naturleg del av prognosearbeidet. Styret sa seg nøgd med prosess for prognose og ber om fokus på periodisering i budsjett og prognosearbeid. Kvalitet i prognosearbeid heng i stor grad saman med svingingar i varekostnad, som utgjer størstedelen av føretakets samla kostnader. Løn og andre driftskostnader utgjer en relativt mindre del av føretakets samla kostnader, og er i langt større grad forutberegnelege størrelsar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tek sak om prosess for prognose i Sjukehusapoteka Vest til orientering.

Sak 009/15 Etablering av Helse Vest Innkjøp HF**Oppsummering**

Denne saka er ei felles styresak for alle helseføretaka i Helse Vest og for Helse Vest IKT AS.

Helse Vest RHF etablerte i juni 2013 eit prosjekt som skulle vurdere framtidig organisering av innkjøpsfunksjonen i helseføretaka. Dei administrerande direktørane i helseføretaka, leiargruppa i Helse Vest RHF, ein konserntillitsvald og konsernhovudverneombod har vore i styringsgruppa for prosjektet. Denne saka er basert på rapporten frå prosjektgruppa, og gjer greie for dei tilrådingane prosjektet gir knytt til framtidig organisering av innkjøpsområdet i regionen. Prosjektet tilrår følgjande :

- at det blir oppretta eit nytt helseføretak kalla Helse Vest Innkjøp HF
- at alle medarbeidarane innan innkjøpsområdet blir overført (overdraging av verksemd) til dette føretaket i løpet av 2015.

Det er styra i helseføretaka og Helse Vest IKT AS som treff avgjerd om overdraging av verksemd. Styret i Helse Vest RHF stiftar det nye føretaket.

Kategoriansvaret for legemiddel ligg i dag hjå Logistikk og innkjøpsleiar i SAV. Dette kategoriansvaret vil bli overdradd til nytt selskap/ LIS.

Saka er drøfta med Fagforeiningane og handsama i FAMU i føretaket.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner at det blir gjennomført overdraging av arbeidsoppgåver/ verksemd frå innkjøpsfunksjonen i Sjukehusapoteka Vest HF til Helse Vest Innkjøp HF.
2. Om det skal skje overdraging av personell skal dette skje i tråd med gjeldande lover og avtaler, jf. særleg Arbeidsmiljøloven §§ 16-1 – 16-7.
3. Styret ber administrerande direktør gjennomføre overdraginga av arbeidsoppgåver/ verksemda for innkjøpsområdet i god dialog med dei medarbeidarane overdraginga gjeld.
4. Styret ber administrerande direktør bidra til at overdraginga kan gjennomførast i løpet av 2015.

Sak 010/15 Eventuelt

Ingen saker meld.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var delt ut til styret:

- SAVvy Brukarmanual

Lukka del**Sak 011/15 Rapportering i høve til 80/20- regelen****Oppsummering**

Sjukehusapotekføretaka i Norge har standardisert rapporteringa av intern omsetning gjennom felles definisjon av intern omsetning, og bruk av same veke for registrering av utgangspunkt for berekning av internomsetning kvar haust.

Sjukehusapoteka Vest HF har etter denne standardiserte metoden eit sal til eigne kundar (eigenregi) i 2014 som ligg godt innanfor den lovmessige grensa på 20 %.

Dette viser at Sjukehusapoteka Vest i høve til krav om intern omsetning på 80 % per no ikkje behøver redusera si satsing på meir offensivt fagsal i sine publikumsekspedisjonar.



Styret diskuterte høve til avtalespesialistane i rapporteringa og ber administrasjonen følgje opp .

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tek rapporteringa til etterretning.
2. Styret vedtek at det inntil vidare er tilfredstillande å rapportere i høve til 80/20-regelen ein gong i året (første styremøte kvart år). Styret legg til grunn at Styret informerast i høve vesentleg endring.

Ref. Berit Beate Berntsen

11.02.2015

 Maria Borch Helsengreen	Styreleiar
 Olav Godtfred Clausen	Nestleiar
 Jon Bolstad	Medlem
 Anne Sissel Faugstad	Medlem
 Inger Cathrine Bryne	Medlem
 Per Karlsen	Medlem
 Marianne Saugestad	Medlem
 Bente Mari Rolfsnes	Medlem
 Gunvald Iversen (sett)	Medlem